



Til den dette måtte gjelde

Vår referanse  
20/292 21/33

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Oddbjørn Indregård

Dato  
05.01.2021

Sakstype	Saksnr.	Utval
DS		

## Utgående delegert vedtak

### Vedtak:

I samband med spreiring av Covid-19 har kommuneoverlegen i møte med kommunal kriseleiring den 04.01.21 fatta følgande vedtak:

- Frå 05.01.21 vert Sandetun omsorgssenter stengt for besøkande.

Med helsing

Anders Norvald Hammer  
Kommunedirektør

Oddbjørn Indregård  
plan- og utviklingssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur

## **Samandrag:**

Regjeringa har på nyåret kome med nye anbefalingar for heile landet. Sande kommune fyl no opp med vedtak ut frå lokale vurderingar.

## **Saksopplysningar, Vurderingar, og Konklusjon**

### Rettslig grunnlag:

Smittevernlova §1-1 skal sikre at myndigheitene setter i verk nødvendige smitteverntiltak mm.

Smittevernlova §1-5 stiller krav om at smitteverntiltak skal vere basert på ei klar medisinfaglig grunngeving m.m.

Smittevernlova §4-1 gir heimel for omfattande smitteverntiltak, herunder møteforbod, stenging av verksemder, begrensing av kommunikasjon, isolering og smittesaning.

### Grunngeving for vedtaket:

Covid-19 er av globale og nasjonale helsemyndigheiter erklært som eit alvorlig utbrot av allmennfarleg smittsam sjukdom.

Regjeringa har på nyåret kome med nye anbefalingar for heile landet. Ei av anbefalingane er retta mot sosial kontakt og er formulert slik:

«Unngå å ha gjester i hjemmet. Vent 14 dager med private besøk. Unntak for nødvendige hjemmetjenester og besøk hos personer som er i livets siste fase. Aleneboende kan ha besøk eller gå på besøk med en til to faste venner eller til en fast husstand. Barn i barnehager og barneskoler kan ha besøk fra egen kohort».

Leiinga ved Sandetun Omsorgssenter vil lage prosedyrer som tek i vare besøk til unntaka nemnt over.

Sande kommune er ei lita og sårbar kommune, der eit større utbrot av koronasmitte vil kunne få store konsekvensar. Vedtaket vert vurdert som tenleg for å redusere risikoen for smitte/smittspreiing inn på Sandetun Omsorgssenter, og med det er det også eit godt tiltak for å oppretthalde ei grunnleggande helse- og omsorgsteneste både i Sande kommune og i regionen for øvrig.

Det er eit inngripande tiltak å stenge for besøkande. Den medisinskfaglige vurderinga er likevel slik at å stenge Sandetun Omsorgssenter for besøkande med det formål å redusere risikoen for smitte/smittspreiing blant bebuarane er eit relevant og godt tiltak sett i forhold til den smittetrusselen som no er i samfunnet.

Basert på dette vert vedtaket vurdert til å vere både hensiktsmessig og forholdsmessig for å redusere risikoen for ei smittespreiing. Den samfunnsmessige nytten med vedtaket vert med dette vurdert som større enn dei ulempene vedtaket medføre for enkeltindivid og samfunn for øvrig.

### Klage:

Fylkesmannen er klageinstans på vedtak som kommune fattar etter reglane i smittevernlova. Klagen skal sendast til Sande kommune.

### Ikrafttredelse:

Vedtaket gjeld frå 05.01.21 fram til nytt vedtak ligg føre, eller t.o.m. 18.01.00.

### Andre forhold:

---

Sande kommune	www.sande-mr.kommune.no	Sentralbord:	70 02 67 00
Rønnebergplassen 17	postmottak@sande-mr.kommune.no	Org. nr:	822 534 422
6084 Larsnes		Kontonr:	3906.07.50061

Sande kommune sitt vedtak opphevar ikkje vedtak gitt av andre myndigheite

Kopi til  
Asta Sileikiene  
Kari Johanne Skarmyr